



Rolf Henning Hegland
Hodnesdalsvegen 78
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1290 - 18/18934

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2018

Tilbakemelding på klage på gebyr - gbnr 195/3 Leiknes

Vi viser til klage datert 06.10.17 på gebyr i høve løyve datert 19.07.17. Vi seier oss leie for at vi ikkje har svart på dykkar brev ved tidlegare høve.

Slik vi forstår dykkar klage så er det ikkje klaga på gebyret i seg sjølv, men på kommunen si forståing av myndighetsutøvelse og at slik de forstår regelverket så skulle saka dykkar ha vore handsama som ei 3-vekerssak og at gebyret skulle ha vore redusert som følgje av fristoverskridning.

Myndighetsutøvelse

Kommunen har delegert myndighet til å forvalte fleire regelverk blant anna forureiningslova og plan- og bygningslova.

Rett og plikt til handsaming av søknadar etter ulike lovverk vert omtala som at ein har myndighet til å fatte vedtak etter den aktuelle lova.

I Lindås kommune er myndighet til å forvalte forureiningslova og plan- og bygningslova gitt til byggesaksavdelinga.

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av ny einebustad med tilhøyrande reinseanlegg. Før det kan gjevest løyve til etablering av einebustad og reinseanlegg må det ligge føre utsleppsløyve etter forureiningslova.

Dykkar sak er difor avhengig av at det før saka vert handsama etter plan- og bygningslova vert fatta vedtak frå anna mynde (vedtak etter forureiningslova).

Det at same avdeling i Lindås kommune har myndighet til å handsame søknadar etter forureiningslova og plan- og bygningslova er ei organisatorisk inndeling som ikkje har betydning for begrepet myndighet slik det er nemnd i plan- og bygningslova § 21-7.



I slike tilfelle, der tiltak krev løyve etter anna lovverk(mynde) oppfyller ikkje søknaden vilkåra i plan- og bygningslova § 21-7 annet ledd som de viser til. Søknaden er difor ei sak med frist på 12 veker etter plan- og bygningslova § 21-7 første ledd.

Fastsetting av sakshandsamingsfrist

Søknad om utsleppsløyve vart motteke hjå Lindås kommune 31.05.17, søknad om løyve til tiltak vart motteke hjå Lindås kommune 30.05.17.

Handsaming av søknad om utleppsløyve har 6 vekers sakshandsamingsfrist, fristoverskridning av søknadar etter forureiningslova medfører ikkje gebyrtap.

Det vart 19.07.17 fatta vedtak om utsleppsløyve. Frist for handsaming av søknad om utsleppsløyve er overskriden med 1 veke, totalt 7 veker.

Kommunen har overskredet 6 vekers frist for handsaming av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova, fristoverskridning etter forureiningslova medfører ikkje gebyrtap.

Handsaming av søknad i eitt trinn vart handsama same dag som søknad om utsleppsløyve, 19.07.17, altså 7 veker etter at søknad var motteken hjå kommunen.

Kommunen har handsama søknad om løyve til tiltak i eitt trinn innan for den lovbestemte fristen på 12 veker gjeve i plan- og bygningslova § 21-7 første ledd.

Gebyrtap

Det står i byggesaksforskrifta § 7-6 at fristoverskiding av plan- og bygningslova § 21-7 første og fjerde ledd fører til gebyrreduksjon på 25 % av det totale gebyret for kvar påbegynte veke fristen vert overskriden. Det vil sei i saker der den lovbestemte sakshandsamingsfristen er på 12 veker.

Fristoverskiding i saker etter plan- og bygningslova § 21-7 andre og tredje ledd, saker med 3 vekersfrist, fører ikkje til at gebyret ved redusert.

Oppsummering

Vi viser til det ovannemnde og gjer merksam på at kommunen ikkje har handsama klagen dykkar. Vi ber om at de skriftleg melder attende på om de framleis ønskjer klagen handsama.

Vi ber om attendemelding på om de ønskjer klagen handsama innan 28.06.18.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gebyr - gbnr 195/3 Leiknes

Kopi til:

Rolf Henning og Elin Hegland

Hodnesdalsvegen 78 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Rolf Henning Hegland

Hodnesdalsvegen 78 5915

HJELMÅS